



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon


Lars Kringstad, 71 25 84 50

Sunndal kommune.

Tiltak i vassdrag - uttak av grunnvatn for supplerande drikkevasskjelde - Storøra ved elva Driva.

Sunndal kommune søker om konsesjon, etter vassressurslova § 8, for uttak av grunnvatn til vassforsyning til Sunndal vassverk. Maks. døgnuttak kan kome opp i 40 l/s, medan gjennomsnittleg uttak over året vil vere 20 l/s. Uttaket vil skje frå to lausmassebrønner på Storøra. Bakgrunnen er at ein ønskjer å oppnå større tryggleik i vassforsyninga, både med omsyn til kapasitet og vasskvalitet. Det går fram at val av lokalitet er gjort med omsyn til eksisterande leidningsnett, da eksisterande vassleidning til det nye vassbehandlingsanlegget går rett gjennom området.

Det er alt gjennomført boring av fem undersøkingsbrønner og to produksjonsbrønner.



Brønnområdet på Storøra er avsett som friområde i kommunedelplan for Sunndalsøra. Området er også registrert som naturtype *Gråor-heggeskog* (flaummarksskog) av viktig verdi og det er registrert enkelte sårbare artar i området. Som kjent er også Driva nasjonalt laksevassdrag.

Søknaden går gjennom verknader av tiltaket for m.a. biologisk mangfald, friluftsliv og landskap. Vi har ikkje ytterlegare registreringar/ informasjon om området enn det som er vist

her.

Storøra har nokre få inngrep frå før og i utgangspunktet burde ein søkje unngå nye tiltak i området. Det hadde derfor vore ønskeleg om ein fann lokalisering av brønnane utanom dette arealet. Vi har likevel forståing for av val av lokalitet slik det er grunngjeve i søknaden. Tiltaket vil også vere klart avgrensa. Her vil det særleg vere viktig korleis tiltaket blir utført, både i anleggsfase og driftsfase. Vi oppmodar klart om at ein minimerer/unngår hogst så langt det lar seg gjere.

Uttaket er knytt opp mot to vassførekomstar; grunnvassførekomsten Sunndalen (109-678-G) og Driva nedre del (109-54-R) (jfr. Vann-Nett). Grunnvassførekomsten er foreløpig ikkje klassifisert med

miljøtilstand eller gitt miljømål. Elvestrekninga Driva nedre del er vist med svært dårleg miljøtilstand. Bakgrunnen for dette er tilstandsvurdering for laks og sjøaure. Dette går i hovudsak på lakseparasitten G.salaris og lakselus. Vassuttaket vil føre til ein avgrensa reduksjon i vassføringa og kun i korte periodar. Vi kan vanskeleg sjå at dette vil ha praktisk betydning for fiskebestanden i vassdraget. Ut frå vår vurdering vil det omsøkte uttaket av drikkevatn ikkje føre til ei ytterlegare svekking av vassførekomsten. Tiltaket vil slik sett ikkje vere til hinder for at vassførekomsten vil kunne oppnå sine miljømål i framtida. Ytterlegare vurderingar etter vassforskrifta § 12 ser vi derfor ikkje som naudsynt.

Vi kan heller ikkje sjå at det er naudsynt med særskilt behandling etter laks- og innlandsfiskelova eller forureiningslova.

Vi vil vidare minne om at etter planen skal elva Driva behandlast for lakseparasitten G.salaris i 2022 og 2023. Behandlingsmåte er enno ikkje avklart. Det bør likevel ikkje skje uttak av drikkevatn under kjemisk behandling.

Konklusjon

Vi viser til våre kommentarar over og har elles ikkje vesentlege merknader til søknaden. Vi er positive til at det skal utarbeidast planar for overvaking av grunnvassnivå og kvalitet. Vidare ber vi om at det blir stilt krav til avbøtande tiltak slik som omtalt i søknaden.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Møre og Romsdal
fylkeskommune

SUNNDAL KOMMUNE

Fylkeshuset 6404 Molde

Postboks 94 6601 SUNNDALSØRA